



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1460-2

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

### Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Kommunestyre

## Søknad om fritak frå politiske verv Tove Palmork Haavelmoen

Saksframlegg godkjent 12.11.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

### Bakgrunn for saka

Tove Palmork Haavelmoen søker om fritak frå politiske verv i Tokke kommune frå 01.12.25 og ut kommunestyreperioden.

Tove grunngjev søknaden med at ho skal flytte til Trondheim.

### Saksutgreiing

Tove Palmork Haavelmoen er nestleiar i kontrollutvalet som har slik samansetning:

| Faste medlemer:                                                                                                                              | Varamedlemer:                                                                                                                                                               |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Leiar: Stein Olav Lie, Ap<br>Nestleiar: Tove Palmork Haavelmoen, Ap<br><br>Sigvart Asle Lie, H<br>Tone Dale Solvang, Sp<br>Steinar Mandt, Sp | Ap/H/SV:<br>1. Halldor Kaasin, SV<br>2. Margit Felland Krogh, SV<br>3. Tahar Haddad, Ap<br><br>Sp, MDG og KrF:<br>1. Ingrid Svalastog Kollberg<br>2. Bjørn Tore Lassemo, Sp |

Om val til kontrollutvalet seier kommunelova §23-1 slik:

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.*

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren. Utvalget skal ha minst fem medlemmer. Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.*

*Utelukket fra valg er*

- a. ordfører og varaordfører*
- b. medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg*
- c. medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare.*
- d. medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd*
- e. medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité*
- f. ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*
- g. personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.*
- h. personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap.*

*Kommunestyret og fylkestinget kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftes ut, skal alle medlemmene velges på nytt*

Får Tove fritak må altså alle medlemmene veljast på nytt og av disse ny nestleiar i kontrollutvalet. Det er leiaren som ikkje kan høyre til same liste som ordføraren, medan nestleiar kan det.

Kommunestyret stend fritt i å velje frå varamedlemslista eller nokon andre. Vert eit varamedlem nytt fast medlem må kommunestyre vurdere om ein skal velje også nytt varamedlem, men ein pliktar ikkje å supplere varamedlemslista om kommunestyret finn at det er nok med 2 varamedlemer.

Tove er i tillegg 1.vara til Vestfold og Telemark revisjon IKS og Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS. Det er praksis for at nestleiar av kontrollutvalet er 1. vara til Vestfold og Telemark revisjon IKS og Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS, men kommunestyret må formelt velje nytt 1. varamedlem av Vestfold og Telemark revisjon IKS og Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS også.

Tove er også 2. vara til representantskapet i RENOVEST IKS og her må også kommunestyret velje ein erstattar.

Ved flytting ut av kommunen får ein automatisk fritak frå politiske verv dokumentert ved endra bustadadresse i folkeregisteret. Tove har per dato ikkje fysisk endra adresse, og det vert då opp til kommunestyret om skal få fritak frå det tidspunkt ho søker om (01.12.25) eller frå det tidspunkt endring av bustadkommune faktisk skjer.

## **Konklusjon**

Kommunedirektøren tilrår ikkje i saker som gjeld val eller fritak til politiske verv, men om Tove får fritak må det veljast:

- Alle medlemene av kontrollutvalet må veljast på nytt og det skal vere minst 5 medlemmer. Dette inneber at formelt skal også lista frå SP/MDG/Krf fremjast på nytt. Om posisjonens medlemmer og varamedlemmer ikkje fremjast som forslag vil ein i praksis tolke dette slik at dei same medlemene held fram.
- Av varamedlemmer kan det vere inntil 2 fleire enn faste medlemmer frå lista, og minimum 2 varamedlemmer. Kravet til kjønnsbalanse gjeld også for varamedlemslista.  
Dei gamle medlemene og varamedlemene kan sjølvstendig veljast på nytt.
- Ny leiar og nestleiar av kontrollutvalet – same leiar kan veljast på nytt.
- Nytt 1. varamedlem av Vestfold og Telemark revisjon IKS og Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS, her er det praksis for at leiar av kontrollutvalet er fast medlem av representantskapet og nestleiar er 1. vara.
- Nytt 2. varamedlem til representantskapet for Renovest IKS.

#### **Kommunedirektørens tilråding**

Ingen tilråding i saka.